



20.12.2023

Innspel til handlingsplan for deltaking

Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) utgjer ei fellesskap av tolv ulike museumsareaner mellom fjord og fjell i ein region med kring 110 000 innbyggjarar. Oppgåva vår er å dokumentere, forske på og formidle kunst- og kulturarv. I skrivande stund viser besøksstatistikken 48 500 besøkande i 2023. Av desse er kring 10 500 born og unge under 18 år.

Som museum forvaltar vi kunnskap om kunst- og kulturhistoria i vår region, og er såleis ein del av demokratiske grunnmuren i samfunnet. Museumsmeldinga (Meld. St. 23) løftar musea som ein arena for læring, ein bidragsytar til sosial berekraft, og som ein arena for og med mange og ulike røyster. Born og unge sine røyster er ein sjølvstøtt del av mangfaldet.

Kva gjer vi for å inkludere born og unge i musea?

På musea i MiSF er det sidan 2023 fri entre for alle besøkande under 18 år. Størstedelen av våre besøkande i denne aldersgruppa kjem til oss i regi av barnehagen eller skulen. Born og unge besøker oss også saman med vaksne i privat regi, anten i form av eit ordinært museumsbesøk eller for å delta på arrangement med profil særleg retta mot den aktuelle målgruppa. Døme på sistnemnde er kreative verkstader og handverksaktivitetar, tema-arrangement i samband med feriar og høgtider, sommarskule, m.v. Vi har altså fleire og ulike tilbod til born og unge, men vi når likevel ikkje alle.

Kva kan vi gjere for å nå fleire?

Uavhengig av bakgrunn og funksjonsvariasjonar er nær alle born og unge elevar i grunnskulen. Elevbesøk er ei prioritert satsing for oss, og alle skulane i regionen har tilbod om å kome til musea våre for å delta i formidlingsopplegg.

Samstundes har vi eit ønske om at born og unge også skal kunne kjenne seg heime og delta på museumsarenaen i rolla som seg sjølv, som del av ein familie og eit sosialt fellesskap utanom skulen. Vi sel rimelege årskort for vaksne som gjev fri entre til alle musea våre. Dette kan bidra til å senke terskelen for museumsbesøket generelt, og for det å kunne følgje born og unge til arenaen. Vi har også dialog med kommunane kring ordningar som t.d. kulturkort for unge, og andre verkemiddel for samfunnsgrupper som treng særskilt tilrettelegging.

Informasjon om publikumstilbodet vårt er kunngjort på musea sin eigen nettstad, og på plattformen Museumslosen (mulo.no) har barnehagane og skulane ein rikhaldig meny å velje frå. Utfordringa vår er likevel å lose målgruppene våre inn på desse nettstadane. Her treng vi å drive eit kontinuerleg arbeid for å marknadsføre plattformene i seg sjølv.



Kva treng vi for å inkludere fleire born og unge?

Økonomisk handlingsrom er ein grunnpremiss som må vere til stades – både for musea, og for dei som vil besøkje oss. For å gje gode tilbod til born og unge, treng vi rett kompetanse og stillingsressursar. Dette behovet sikrar vi primært gjennom årlege driftstilskott frå stat, fylkeskommune og kommunar.

I vår region kan det vere relativt lange avstandar til museet, og ei kjend utfordring er difor transportkostnader for skulane/barnehagane. Generelt møter vi ei forventning om at dette er ein kostnad som museet skal/bør bere. Det har vi moglegheit til berre om vi får støttemidlar til formålet, noko som gir eit flyktig og lite føreseieleg tilbod over tid. Vi treng difor meir etablerte strukturar som sikrar det økonomiske handlingsrommet som trengst for å ha eit varig museumstilbod til skule og barnehage. Og som det i praksis er mogleg å nytte seg av – uavhengig av kvar ein er busett i regionen.

Vidare har vi eit viktig arbeid føre oss med å gjere musea våre meir tilgjengelege. Dette handlar på den eine sida om å gjere arenaene tilgjengelege, og dessutan finne ein balanse der opningstidene møter både våre interne behov og besøkande sine ønskje og behov.

På den andre sida er det ikkje slik at fysisk tilgang til musea åleine gjev gode vilkår for deltaking, inkludering og medverknad. Gjennom å gjere formidlingstilboda våre reint innholdsmessig tilgjengeleg, skreddarsy tiltak og opplegg for ulike målgrupper under 18 år, og invitere til reell dialog og medverknad, kan vi gjere musea meir tilgjengelege. Her har vi framleis mykje å gå på når det gjeld eigne initiativ og satsingar. Og vi ser det som viktig å etablere dialog og legge til rette for medverknad frå born og unge i musea si utforming av formidlingstilbod på arenaen og digitalt.

Kven treng vi å samarbeide med, og kva skal til for at vi finn saman?

Eit museum si kontakt med samfunnet det er ein del av, er i prinsippet ei grenselaus moglegheit. Likevel erfarer vi at det manglar etablerte og varige strukturar som gir moglegheit for tettare samhandling med relevante aktørar på eit føremålstenleg nivå.

Barnehagen og skulen er aktørar vi bør samarbeide tett med. Til dømes har musea våre tilbod til kring 13 000 grunnskuleelevar fordelt på 100 skular i 17 kommunar i vår region. På ein museumsarena har vi i beste fall ei 100% museumspedagog-stilling som skal sørve kontakt med skulane i museet sitt nedslagsfelt, i tillegg til å vere den som planlegg og gjennomfører formidlingsopplegga. Det er ikkje berekraftig å etablere samarbeidsarenaer med kvar enkelt skule, og vi ser eit stort behov for ein infrastruktur som legg til rette for samhandling med skulen sine kulturkontakter / klassekontakter på relevante trinn i eit større område som gjerne omfattar fleire kommunar.

Vi har også behov for å samarbeide tett med frivillig sektor, der det er tallause organisasjonar som på ideell og frivillig basis arbeider med interesser og fagfelt som er relevante for born og unge og det vi arbeider med i musea. Også her saknar vi samhandlingsarenaer som ligg på nivået mellom kommune og fylke.

Den kulturelle skulesekken representerer ein relativt varig struktur som også kan bidra til musea si utvikling som arena for born og unge. Likevel har tilbodet ulik organisering i kvar einaste kommune, og det er ressurskrevjande å følgje opp ulike samarbeidsmodellar på kommunenivå. Å vere del av fylkeskommunen sitt DKS-program gjev gode moglegheiter for skulebesøk til musea i regionen. Men utan avtalar med ein lengre tidshorisont enn eitt skuleår, blir tilbodet lite føreseieleg og variasjon i omfanget stort.



Vi ønskjer lukke til i vidare arbeid med å lage ein handlingsplan for deltaking i kultur-, idretts- og friluftslivaktivitetar. Sjølv om planen i første rekkje skal ta føre seg deltaking i fritidsaktivitetar, meiner vi det er viktig å løfte skule og barnhage som ein arena der det er mogleg å nå nær alle.

Med venleg helsing

Synnøve S. Bjørset
avdelingsdirektør kulturhistorie

Tor Martin Leknes
avdelingsdirektør kunst
(sign.)